



**yw** 3rd European  
Youth Work  
Convention

# Erklæring

frå den 3. europeiske  
kongressen om ungdomsarbeid

## Vegvisar for framtida

Bonn, 10. desember 2020



# DEN 3. EUROPEISKE KONGRESSEN OM UNGDOMSARBEID «DEN DIGITALE KONGRESSEN»

## ERKLÆRING

### Innleiing

Den 3. europeiske kongressen om ungdomsarbeid gjekk føre seg medan Tyskland hadde formannskapet i både EU og Europarådet. Om lag 1000 deltakarar var samla for å delta på nettkongressen. Drivkrafta bak kongressen er den unike politiske samankomsten, som gir håp om å kunne realisere ein europeisk agenda for ungdomsarbeid gjennom det som vil bli kjent som Bonn-prosessen. Kongressen markerer starten på dette arbeidet.

Alle deltakarane høyrer til eit levande praksisfellesskap for ungdomsarbeid som opererer i og på tvers av dei 50 europeiske landa som var representerte på kongressen. Dette svært mangfaldige praksisfellesskapet (sjå nedanfor) har diskutert og bidratt direkte til denne erklæringa.

Den 3. europeiske kongressen om ungdomsarbeid har hatt som tydeleg mål å gi meir innhald til den europeiske agendaen for ungdomsarbeid i tråd med dei politiske rammene for prosjektet, og å skildre dei framtidige prosessane, handlingane og tiltaka som skal gjennomførast under Bonn-prosessen. Erklæringa ønskjer å formidle det deltakarane har diskutert seg fram til, både for å motivere og rettleie det europeiske praksisfellesskapet som ein del av Bonn-prosessen. Erklæringa tar også sikte på å styrkje engasjementet for å oppretthalde, utvikle og skape nytt ungdomsarbeid i Europa, på alle nivå i politikken.

Denne erklæringa peikar dermed tydeleg på det europeiske praksisfellesskapet for ungdomsarbeid som ein aktiv og ansvarleg deltakar i Bonn-prosessen. Eit praksisfellesskap har blitt definert som ein prosess for sosial læring der «folk som har ei felles interesse for eit tema eller område, samarbeider over lengre tid ved å dele idear og strategiar, kome fram til løysingar og utvikle nyskapingar». Praksisfellesskapet for ungdomsarbeid må vere 100 prosent inkluderande. Det skal omfatte *alle typar ungdomsarbeid*, uavhengig av kva for metode eller format det byggjer på, og alle typar *ungdomsarbeidarar*, uavhengig av om dei er lønte eller frivillige, har det som fast arbeid, deltidsarbeid eller kortare engasjement, og uavhengig av om dei har bakgrunn frå formell utdanning eller ikkje-formell opplæring. Dette skal gjelde for alle dei 50 landa som er representerte på kongressen.

## Praksisfellesskapet for ungdomsarbeid omfattar

ungdomsarbeidarar og ungdomsleiarar, avgjerdstakarar i ungdomsstrukturar, prosjektleiarar, akkrediterte og uavhengige ungdomsarbeidsorganisasjonar, kursleiarar, forskarar, lærarar for ungdomsarbeidarar, lokalsamfunn og lokale myndigheiter, nasjonale kontor for Erasmus+ Ungdom og Det europeiske solidaritetskorpsset, ungdomsrepresentantar, ungdommar og politikarar på alle nivå.

Den 3. europeiske kongressen om ungdomsarbeid etterlyser felles tiltak (eller ei felles *retning* for tiltaka våre) under Bonn-prosessen, både på lokalt, regionalt, nasjonalt og europeisk nivå. Men ungdomsarbeidet i Europa skjer i ei rekkje ulike miljø og under ei rekkje ulike forhold. Derfor er det viktig at retninga denne erklæringa gir til Bonn-prosessen, blir utfylt av praksisfellesskapet i form av kreativitet, engasjement og handlekraft. Dette gjer det mogleg å tilpasse dei aktuelle tiltaka betre til rollene, behova og måla som ulike typar ungdomsarbeid har.

Me ser allereie no konturane av ein 4. europeisk kongress om ungdomsarbeid. Det er eit sterkt insentiv til å handle raskt gjennom Bonn-prosessen: å kunne sjå tilbake om fem år på korleis det har gått med dei tiltaka og handlingane som den 3. kongressen la fram. Me må likevel ha ein vidare horisont enn dette. Denne erklæringa byggjer på og uttrykkjer ein grunnleggjande langsiktig visjon. Derfor skal ikkje prosessen med å oppretthalde, utvikle og skape nytt ungdomsarbeid i Europa la seg avgrense til berre dei neste fem åra. Ungdomsstrategien til EU fram til 2027<sup>1</sup> og Europaråds-strategien for ungdomssektoren fram til 2030<sup>2</sup> gjer det mogleg for praksisfellesskapet for ungdomsarbeid å fortsetje arbeidet sitt utover tidsrammene til kongressane. Oppfølging undervegs av begge strategiane vil i dei komande åra leggje til rette for aktuelle refleksjonar om kor godt Bonn-prosessen lykkast, fram mot og vidare etter den 4. kongressen. Dette blir ein motor for den europeiske agendaen for ungdomsarbeid.

## Kontekst og bakgrunn

### Den sosiale situasjonen til ungdommar i Europa

Stadige endringar og globale utfordringar som covid-19-pandemien har gitt oss eit tydeleg prov på at *framtida ikkje er det ho var* – det me tidlegare såg føre oss, innanfor helse, økonomi, miljø og teknologi, er

---

<sup>1</sup> <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/en/TXT/?uri=CELEX:52018DC0269>

<sup>2</sup> <https://www.coe.int/en/web/youth/youth-strategy-2030>

ikkje lenger truverdig eller kanskje ikkje eingong mogleg. Sjølv om endringar er noko som skjer og alltid vil skje, lever me utan tvil i ei usikker tid. Over heile Europa ser ein at antidemokratiske tendensar er på frammarsj, at sivilsamfunnet er under press, og at menneskerettsbrotta aukar i omfang. Tilliten til myndigheitene er i ferd med smuldre opp. Aukande forskjellar i samfunnet svekkjer stabiliteten og legitimiteten til demokratiske institusjonar. Samfunna blir meir polariserte i takt med auken i populisme og falske nyheiter. Alt dette skjer midt oppi ei klimakrise som dei unge i aller høgste grad kjenner til, og som openbert truar samhøyet og svekkjer livskvaliteten (og i ytste konsekvens utgjer ein eksistensiell trussel). I tillegg skjer det i ei digital verd som blir stadig meir omfattande, til tider også med negative personlege og sosiale konsekvensar.

Slike sosiale endringar påverkar heilt klart også ungdommar, og ofte i større grad enn andre. Ungdommar frå særskilt marginaliserte grupper som er utsette for samansett diskriminering, blir spesielt hardt ramma når dei sosiale skilnadene aukar og den sosiale rettferda svinn vekk. Men me ser også at ungdommar er kreative, oppfinnsame og tilpassingsdyktige i møte med uro og usikkerheit. Det skal dei kunne få høve til, samstundes som dei skal ha full tilgang til å utøve rettane sine. Framleis er det likevel mange ungdommar som ikkje får dei rettane dei har krav på, eller som ikkje kjenner til dei. Resultatet er at dei ikkje får uttrykt synspunkta og meiningane sine på ein god måte. Dei «aktive» og «myndiggjorde» ungdommane som faktisk får gitt uttrykk for behova, perspektiva og overtydingane sine, blir – for ofte – oversett eller ignorerte av samfunna dei bur i. Støtta til å engasjere seg på eigne vilkår og på måtar dei synest er meningsfulle, manglar i stor grad for mange ungdommar. Det blir snakka om å la ungdommen ta del i skapinga av notid og framtid, men i praksis får dei ofte ikkje høve til det. Det har omfattande konsekvensar for dagens ungdommar, for framtida deira og for framtida til samfunna og alle som bur i dei.

Ikkje-formell utdanning og læring i tråd med dei pedagogiske, deltakande, myndiggjerande, uttrykksfulle og inkluderande verdiane som kjenneteiknar ungdomsarbeid, gir ungdommar ei kjensle av påverknadskraft. Ungdomsarbeid, som er ein viktig del av demokratiopplæringa, bør også tematisere maktforhold, interseksjonalitet, sosial rettferd, frigjering og reell inkludering av ungdommar. Det bør fungere som ei rettesnor for korleis ein kan handtere ulikskap, plassere ungdommen i sentrum og gi dei høve til å vere kompetente medskaparar av politikken i Europa. Ved å ta tilbake samfunnsoppdraget sitt kan ungdomsarbeid vere med på å gjere ungdommar til kritiske samfunnsborgarar som kan svare på aktuelle utfordringar Europa står overfor som demokratisk prosjekt.

## **Europeisk ungdomsarbeid og ungdomsarbeid i Europa**

Før det 21. hundreåret var det lite snakk om «ungdomsarbeid» i Europa. I seinare tid har ein artikkelserie om historia til ungdomsarbeidet i Europa

kasta meir lys over kva som har skjedd i tidlegare tider<sup>3</sup>, og kva nytte ungdomsarbeid kan ha i framtida. Dette førte til dei europeiske kongressane om ungdomsarbeid i 2010 og 2015 – og no i 2020.

Ungdomsarbeid i Europa speglar *mangfald* på mange måtar – både i dei historiske røtene til arbeidet og i filosofien, utøvinga, ressursfordelinga og profesjonalismen som kjenneteiknar det. Samstundes har mangfaldet i ungdomsarbeidet allereie ei sterk *felles plattform*. Dette gjeld ikkje minst ønsket om å leggje til rette for og forsvare **arenaer** der ungdommar kan uttrykkje seg og vise sjølvstende, og arbeidet med å byggje **bru**er som gjer at ungdommar kan ta informerte og trygge val i liva sine<sup>4</sup>. Dei siste ti åra har ungdomsarbeid fått politisk støtte både i EU<sup>5</sup> og i Europarådet<sup>6</sup>. Den nylege resolusjonen frå Det europeiske rådet<sup>7</sup> om støtte til etablering av ein europeisk agenda for ungdomsarbeid under det tyske presidentskapet i EU har stadfesta den politiske viljen.

Meir praktisk retta aktivitet innanfor forskning, politikk og praksis for ungdomsarbeid avslører tydelege utviklingslinjer for ungdomsarbeid i Europa. Samstundes viser det at strukturane for ungdomsarbeid i Europa er fragmenterte, spreidde og ufullstendige. Fleire utfordringar står att, og nokre av dei er trekte fram i den nemnde resolusjonen, under dei generelle overskriftene «Konseptuelt rammeverk» (*Conceptual framework*), «Kompetanse» (*Competence*), «Truverd» (*Credibility*), «Samband» (*Connections*) og «Kriser og moglegheiter» (*Crises and opportunities*).

Ungdomsarbeid er ikkje lenger berre eit middel eller ein mekanisme for å støtte opp om større ambisjonar for ungdomspolitikkk – det er eit eige politikkk- og praksisområde. Likevel kjem me aldri i mål. Ungdomsarbeid er kort sagt ein sosial praksis som både knyt seg til og utfordrar dei rådande og omskiftelege strukturane i samfunnet der det går føre seg. Det kan oppstå både tvil om verdien og overdrivne forventingar om kva det kan bidra til, før ein finn fram til eit «gravitasjonssentrum». Den politiske og økonomiske støtta er aldri sjølvsgd, for ungdomsarbeidet ønskjer å bevege seg i ei retning der det blir etablert som ein «liten, men viktig del av sosial- og utdanningspolitikken». Derfor må solid debatt og sjølvkritisk refleksjon i praksisfellesskapet for ungdomsarbeid knytast saman med eit samkøyrte og kollektivt påverknadsarbeid for ein sikrere infrastruktur for ungdomsarbeid, slik at det blir lagt til rette for effektiv gjennomføring på grasrotnivå. Det er

---

<sup>3</sup> <https://pjp-eu.coe.int/en/web/youth-partnership/history-of-youth-work>

<sup>4</sup> <https://pjp-eu.coe.int/documents/42128013/47262202/Declaration/2f264232-7324-41e4-8bb6-404c75ee5b62>; [https://pjp-eu.coe.int/documents/42128013/47262187/The+2nd+European+Youth+Work+Declaration\\_FINAL.pdf/cc602b1d-6efc-46d9-80ec-5ca57c35eb85](https://pjp-eu.coe.int/documents/42128013/47262187/The+2nd+European+Youth+Work+Declaration_FINAL.pdf/cc602b1d-6efc-46d9-80ec-5ca57c35eb85)

<sup>5</sup> <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=celex%3A42010Y1204%2801%29>

<sup>6</sup> [https://search.coe.int/cm/Pages/result\\_details.aspx?ObjectId=0900001680717e78](https://search.coe.int/cm/Pages/result_details.aspx?ObjectId=0900001680717e78)

<sup>7</sup> [https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=uriserv%3AOJ.C\\_.2020.415.01.0001.01.ENG&toc=OJ%3AC%3A2020%3A415%3ATOC](https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=uriserv%3AOJ.C_.2020.415.01.0001.01.ENG&toc=OJ%3AC%3A2020%3A415%3ATOC)

balansen mellom fundamentet og infrastrukturen som i siste instans vil avgjere om ungdomsarbeidet er berekraftig og veks.

I tillegg handlar det alltid om tillit. Dette er avgjerande for kva forhold det er mellom ungdomsarbeid og ungdommar, men det er ikkje alltid så tydeleg i praksisfellesskapet for ungdomsarbeid, verken i dei ulike delane av fellesskapet eller dei forskjellige hierarkia. Det å etablere eller atterreise større tillit vil vere ein del av Bonn-prosessen og energien som driv han framover.

## **Gjennomføring av den europeiske agendaen for ungdomsarbeid gjennom Bonn-prosessen**

Til det europeiske praksisfellesskapet for ungdomsarbeid:

«Ikkje spør kva Bonn-prosessen kan gjere for oss, men kva me kan gjere for Bonn-prosessen – som **vårt** bidrag til den europeiske agendaen for ungdomsarbeid.»

Det er fleire dokument som har danna grunnlaget for den 3. europeiske kongressen om ungdomsarbeid. Det ligg utanfor målet med erklæringa å gjenta innhaldet eller strukturen i dei. Samstundes er det heller ikkje eit mål å finne opp hjulet på nytt; det var ein gong nokon som sa: «Om du gjer det, må du iallfall sørge for at det er rundt!» I denne samanhengen er det to viktige punkt å nemne. For det første er det viktig at me heile tida arbeider for å halde oppe dei gode strukturane og framgangsmåtane som alt eksisterer, utviklar dei når det trengst, og gir rom for nyskaping i tenkjemåtar, organisering og praksis. Dette har aldri vore tydelegare enn i den tilpassinga av ungdomsarbeid me har sett det siste året. For det andre må me aldri gløyme at det kan oppstå, for ikkje å seie *vil* oppstå, nye former for ungdomsarbeid når det oppstår nye utfordringar.

Som eit resultat av konklusjonane i praksisfellesskapet for ungdomsarbeid på kongressen foreslår kongressen det nedanstående rammeverket for gjennomføring av Bonn-prosessen.

# Vekst i ungdomsarbeid i heile Europa

## Tilbod om ungdomsarbeid

«Skap rom for å lytte til unge stemmer, ikkje berre tilby ein stad og eit program.»

Styrking av tilbodet om ungdomsarbeid i Europa er eit viktig mål med Bonn-prosessen. Ambisjonsnivået for praksisfellesskapet for ungdomsarbeid må vere å sikte høgt for å kunne **utvikle og utvide tilbodet om ungdomsarbeid** og nå ut til og inkludere fleire ungdommar, særleg for å sikre at ungdommar med alle typar bakgrunn, også dei med færre moglegheiter, får tilgang til ungdomsarbeid. I Europa etter pandemien må det dessutan skje nyskaping innanfor ungdomsarbeid, og ein må trakke opp nye stiar. Grensene og rammene for ungdomsarbeid, når det gjeld alder, målgrupper, utfordringar m.m., bør styrkjast for å etablere eit grunnlag for påverknadsarbeid for å skape vekst i ungdomsarbeidet.

## Eit lokalt tilbod om ungdomsarbeid

Kongressen såg positivt på ideen om å etablere prinsippet om eit grunnleggjande tilbod om ungdomsarbeid for ungdommar over heile Europa. Samstundes som mobilitet på tvers av grenser og ungdomsarbeid på europeisk nivå vil bidra mykje til å gi ungdommar moglegheiter, vil arbeidet hovudsakleg skje på lokalt og nasjonalt nivå. Politikken på Europa-nivå kan spele ei viktig rolle for å støtte opp om denne utviklinga. Ein kan etablere europeiske kvalitetsindikatorar til inspirasjon for det lokale arbeidet.

Med bakgrunn i ekspertise og praktisk erfaring frå feltet er det mange sider ved dette som er viktige:

- å etablere eit **rammeverk som set standarden**, som inneheld indikatorar, og som sikrar berekraft i ungdomsarbeid, særleg på lokalt nivå
- å sørge for eit **unikkt tilbod på kvar stad**, som bidrar til kapasitetsbygging for alle interessentar, som er finansiert på ein berekraftig måte, medrekna programma frå ikkje-statlege organisasjonar, som gir ungdom stader der ungdomsarbeidet kan gå føre seg, og som møter unge der dei er, og omfattar digitalt ungdomsarbeid
- å leggje til rette for **samarbeid** mellom ungdomsorganisasjonar, tilbydarar av ungdomsarbeid og relevante myndigheiter
- å **skape rom** der stemmene til dei unge blir høyrde, for å sikre at ein dekkjer behova deira
- å søkje samarbeid og **knytte kontaktar** på andre område i den offentlege og den private sfæren, mellom anna innanfor formell opplæring, karriererettleiing og yrkesopplæring, helse, bustad, rettssystemet, kultur, idrett, teknologiutvikling, media og sosial velferd



- å vere godt tilgjengeleg for ungdommar uavhengig av bakgrunn og profil – eit grunnleggjande tilbod om ungdomsarbeid bør derfor omfatte **ein tydeleg strategi for å betre den sosiale inkluderinga og mangfaldet** blant ungdommane som deltar
- å ha ein strategi der ein ser framover og **ser nærare på dei eksisterande strukturane for å kunne nå endå betre ut** og dermed få med fleire unge i ungdomsarbeidet
- å tilby eit løp for å kunne rettleie og **inkludere nye initiativ** frå ungdommar innanfor det grunnleggjande tilbodet om ungdomsarbeid, med sosial innovasjon og entreprenørskap som bakteppe

### **Det lokale praksisfellesskapet for ungdomsarbeid**

Kongressen blei ein viktig arena for det lokale politiske nivået og drøfting av kva rolle dette kan spele i støtta til det lokale praksisfellesskapet. Det er behov for **større nye investeringar for å styrkje tilbodet om ungdomsarbeid på lokalt nivå.**

Det lokale praksisfellesskapet for ungdomsarbeid bør vere basert på samarbeid mellom lokale myndigheiter / kommunar og lokale ungdomsarbeidsorganisasjonar som har frivillige og betalte ungdomsarbeidarar. Det europeiske charteret for lokalt ungdomsarbeid<sup>8</sup> gir eit nyttig verktøy for å begynne å byggje opp dette samarbeidet. Kartlegging av det eksisterande tilbodet om ungdomsarbeid og sterke og svake sider ved det er eit første steg for å etablere ein utviklingsplan for lokalt ungdomsarbeid. Ungdommar må involverast aktivt, slik at dei får uttrykt kva dei treng, men også for å bidra til utvikling av lokalmiljøet og det fysiske rommet for ungdomsarbeid, som er ein del av lokalmiljøet. Lokale ungdomssenter kan tilpasse aktiviteten sin etter dei kvalitetskriteria Europarådet har sett opp for kvalitetsmerket for ungdomssenter<sup>9</sup>.

Nasjonale rammeverk (for ungdom) kan gi insentiv til lokal (ungdoms)politikk gjennom delfinansieringsmekanismer og etablering av standardar. Ein bør vie særleg merksemd til distrikta, slik at ein kan støtte opp om utviklinga av ungdomsarbeid av høg kvalitet og etablering av eit praksisfellesskap.

### **Finansiering av ungdomsarbeid og ungdomsorganisasjonar**

Ungdomsarbeidet i Europa krev **auka finansiering** for å møte veksande etterspurnad og forventingar. Dette gjer det nødvendig med juridiske tiltak som sikrar finansiering av ungdomsarbeid på alle nivå, frå lokalt nivå til Europa-nivå. Det bør utviklast **eit europeisk charter** som inspirasjon til god forvaltning på alle nivå når ein byggjer opp støttesystem.

<sup>8</sup> [https://www.europegoeslocal.eu/wp-content/uploads/2019/10/20191002-egl-charter\\_ENG\\_online.pdf](https://www.europegoeslocal.eu/wp-content/uploads/2019/10/20191002-egl-charter_ENG_online.pdf)

<sup>9</sup> <https://www.coe.int/en/web/youth/quality-label-for-youth-centres>



Ungdomsarbeidet har behov for ei finansiering som

- har tydelege prosessar for å få tilgang til midlar, er transparent i oppbygging, er koordinert og ikkje overlappar
- styrkjer **den økonomiske stabiliteten til ungdomsorganisasjonar** og gjer at dei kan byggje opp meir komplekse og langsiktige strategiar, i staden for reint program- eller prosjektbasert finansiering
- tar utgangspunkt i **oppnådde resultat**, der dei reelle behova innanfor ungdomsarbeid er spegla av i finansieringstypene og omfanget av finansiering
- gjer det mogleg å sikre grunnleggjande **vilkår og vern for frivillige og betalte ungdomsarbeidarar**, som forsikring, minstelønn og sikringsnett ved utbrenning
- ikkje er **overlest med reglar**, samstundes som ein heller ikkje gløymer forvaltning, etterretteleg drift og kvalitet

Ambisjonane med dei europeiske støtteprogramma frå EU og Europarådet bør vere

- å **styrkje tilnærminga som går på tvers av sektorar, og tydelegare prioritere ungdomsarbeid** i dei overordna europeiske støttesystema (som det europeiske solidaritetskorpset, det europeiske sosialfondet, den europeiske klimapakta og Horisont 2020)
- å sikre **at ungdomsarbeid får betre tilgang til europeisk finansiering** ved å vise fram moglegheiter, auke medvitet i praksisfellesskapet for ungdomsarbeid og involvere fleire ungdommar i aktiviteten som får støtte
- å sikre at støttestrukturane (som dei nasjonale kontora for ungdomsprogramma i EU og Den europeiske ungdomsstiftinga) ikkje berre tilbyr finansiering, men også **meir langsiktig støtte og perspektiv**
- å bli **anerkjende som verktoy** for å oppnå politiske mål, inkludert gjennomføringa av den europeiske agendaen for ungdomsarbeid gjennom Bonn-prosessen

## Kvalitetsutvikling

**Kvalitet**, og korleis ungdommar oppfattar det, er **avgjerande** dersom ein ønskjer **å delta, engasjere seg og dra nytte av læringsmoglegheitene** som ligg i ungdomsarbeid. Det første møtet med ungdomsarbeid, som for dei fleste ungdommar skjer på lokalt nivå, er derfor svært viktig.

Samstundes er det eit breitt og mangesidig spørsmål **korleis ein støttar opp om vidare kvalitetsutvikling av ungdomsarbeid**. Det handlar mellom anna om rammeverk for kvalitet i ungdomsarbeid og korleis dei skal utviklast, om kvalitetssikringssystem og utvikling av kvalitetsindikatorar for kompetanseutvikling og om

langsiktig og berekraftig finansiering av utviklinga av politikk og praksis som har vist seg å gi resultat.

Kvalitetsutvikling i ungdomsarbeid er tett knytt til andre utfordringar, og derfor **må det diskuteras og handteras på ein meir heilskapleg og strukturert måte**. Ein må leggje vekt på spesifikke sider ved det, men samstundes knyte dei til det større politiske biletet, praksis og **dei grunnleggjande verdiane og prinsippa** for ungdomsarbeid. I denne samanhengen er det viktig å vite at konteksten der kvalitetsutviklinga skal skje, og utgangspunkta for denne utviklinga er svært mangfaldige, sjølv om måla vanlegvis peikar i same retning.

Mange av ideane som kom fram i diskusjonane om kvalitet, var allereie dekte av eksisterande strukturar, initiativ og retningslinjer – som enno ikkje er synlege nok. Dette viser eit tydeleg **behov for å nå betre ut og informere om dei eksisterande støttestrukturane og -mekanismane** og eit behov for å gjere dei meir tilgjengelege for lokalnivået. Nokre døme på eksisterande støtte som bør brukast, spreia vidare og setjast i gang, er European Training Strategy<sup>10</sup>, Europarådets kvalitetsmerke for ungdomssenter og [det europeiske charteret for lokalt ungdomsarbeid](#).

Samla sett bidrar dette til ein konklusjon om at det overordna behovet innanfor kvalitetsutvikling av ungdomsarbeid er å **utvikle tydelegare samarbeids- og samhandlingsstrukturar innanfor og mellom alle nivå** og interessentgrupper i praksisfellesskapet for ungdomsarbeid. Det er eit tydeleg uttrykt behov for å **styrkje eksisterande nettverk på alle nivå** og på same tid finne, eller etablere, strukturar og rom som **knyter saman dei forskjellige nettverka** og etablerer tydelege og koordinerte prosessar for spreing av informasjon, i kontinuerleg dialog og samarbeid om felles kvalitetsutfordringar.

Diskusjonane om kvalitetsutvikling gjorde det også tydeleg at det er viktig

- å **etablere profesjonelle standardar** og byggje opp samanhengande yrkesvegar, relevante læreplanar og eigna opplæringslokale for utdanning og opplæring av ungdomsarbeidarar
- å ha ein **forskningsagenda for ungdomsarbeid** som legg vekt på deltakande aksjonsforskning i samarbeid mellom forskarane og praksisutøvarane, og opprette ein kunnskapsbase som er relevant for både praksis, politikktvikling og utdanning
- å **kartleggje og spreie kunnskap** om eksisterande kvalitets(sikrings)system og bruke desse som grunnlag for å finjustere og (vidare)utvikle modellar som er tilpassa til lokale forhold

---

<sup>10</sup> [https://www.salto-youth.net/downloads/4-17-3301/European%20Training%20Strategy%20in%20the%20field%20of%20Youth\\_en.pdf](https://www.salto-youth.net/downloads/4-17-3301/European%20Training%20Strategy%20in%20the%20field%20of%20Youth_en.pdf)

- å etablere **nasjonale arbeidsgrupper** som representerer praksisfellesskapa for ungdomsarbeid, og som kan fungere som kontaktpunkt, kunnskapsnav og koordinatorar for alle dei ulike tiltaka som er nødvendige for å utvikle kvaliteten

## Ei felles retning

### I praksisfellesskapet for ungdomsarbeid

«Det er berre gjennom kommunikasjon at me kan finne ut kva me ikkje veit at me ikkje veit!»

Det å skape resultat saman og dra nytte av all kompetansen i praksisfellesskapet for ungdomsarbeid er avgjerande for å utvikle praksis og politikk av høg kvalitet innanfor ungdomsarbeid. Dette krev at det **finst rom der ein kan utforske, utveksle erfaringar og byggje på gode erfaringar frå ulike typar praksis**, ved hjelp av (digitale) nettverk, plattformer og andre middel, heilt frå lokalnivået til Europa-nivå. God kommunikasjonsflyt og refleksjonsbasert samhandling innanfor praksisfellesskapet for ungdomsarbeid både horisontalt (*mellom aktørar i praksisfellesskapet*) og vertikalt (*mellom europeisk, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå*) er svært viktig.

For at ungdomsarbeidet i Europa skal få gode kår, er det behov for **ei samla tilnærming til læring, deling, støtte og utvikling basert på ungdomsarbeid og gode erfaringar på lokalt nivå når ein er i kontakt med regionalt, nasjonalt og europeisk nivå**, og omvendt. Vidare kan ein sikre eit større felles fundament gjennom regionale europeiske nettverk og erfaringsutveksling i og mellom dei. Slik kan ein i større grad skape felles strukturar for ungdomsarbeid i Europa. Den europeiske sida ved ungdomsarbeidet på ulike nivå må bli styrkt og meir innebygd, særleg for at marginaliserte ungdommar skal få fleire moglegheiter. Lokale ungdomsorganisasjonar og det lokale ungdomsarbeidet må *kjenne til* moglegheitene på andre nivå, gjere seg kjende med europeisk ungdomspolitik, ta del i europeisk ungdomsarbeid og europeiske ungdomsprogram, og bidra til å utvikle det vidare.

Kongressen ser behov for å styrkje **samarbeidet i praksisfellesskapet for ungdomsarbeid** i heile Europa. Det er også behov for å **forsterke forholda mellom nasjonale og europeiske strategiar for utvikling av ungdomsarbeid**, og samstundes understreke at dei er avhengige av kvarandre og er samanhengende. Då blir det viktig å etablere inkluderande, demokratisk og tilgjengeleg **fleispråkleg** kommunikasjon, samarbeid og arbeidsrelasjonar til praksisfellesskapet, særleg gjennom ungdomsforsking, ungdomspolitik og ungdomsarbeid i praksis. Det er nødvendig å betre evna til å analysere, sjå nærare på og utforske (globale) trendar og samanlikne dei med eigen praksis, og ein må samarbeide om å betre kvaliteten og finne **felles tilnærmingar** til

utviklinga av ungdomsarbeid i Europa. Deltakarane på kongressen understreka også behovet for å **tette hòl og rette opp manglande samband** mellom forskjellige typar ungdomsarbeid og ulike aktørar i praksisfellesskapet gjennom samhandling, læring, inspirasjon og støtte, kapasitetsbygging, deling, oppdatert informasjon og innføring i lovgiving og relevante rammeverk for politikk.

Forslag til tiltak:

- **kartleggje** praksisfellesskapet og etablere kommunikasjon og samarbeidsforhold, særleg innanfor dei tre områda praksis, forskning og politikikutvikling i ungdomssektoren;
- etablere **nasjonale og internasjonale nettverk for ungdomsarbeid**, og opprette profesjonelle grupperingar, strukturar og forbund for ungdomsarbeid;
- sikre **strukturell nasjonal og europeisk finansiering** av samarbeidsstrukturar for ungdomsarbeid og nettverk og samarbeid for inkluderande deling av kunnskap og praksis;
- tilby **informasjon og kapasitetsbygging knytt til den europeiske dimensjonen**, europeiske ungdomsprogram og eksisterande ressursar for ungdomsarbeidarar som er aktive på andre praksisnivå;
- gjennom deltakarsentrerte prosessar utvikle ei open, inkluderande, tilgjengeleg og fleirspråkleg **europeisk digital plattform for ungdomsarbeid** som eit verktøy for praksisfellesskapet. Ei slik plattform skal dra nytte av og utfylle dei eksisterande plattformene, og ho skal formidlast til lokale ungdomsarbeidarar, slik at dei kan bruke henne til å lære av andre ungdomsarbeidarar og støtte kvarandre, drive nyskaping og prøveprosjekt, og diskutere kvalitet og aktuelle problemstillingar;
- etablere samarbeidsevaluering i eit **styre for oppfølging, evaluering og læring** for å kunne følgje framdrifta;
- bruke **den europeiske kongressen om ungdomsarbeid** kvart femte år til å evaluere framdrifta, revidere måla og leggje planar for å nå dei.

## Meir enn praksisfellesskapet for ungdomsarbeid

«Ungdommar lar seg ikkje avgrense til eitt samfunnsområde – stemma deira må bli høyrd i heile samfunnet!»

I ein kvardag med uføreseielege samfunnsendingar er tett samanknytte aktørar for ungdomsarbeid med god støtte ei drivkraft som styrkjer ungdommar og lokalsamfunn. Det er viktig å **formidle verdien av ungdomsarbeid** og leggje til rette for og stimulere strukturelt og strategisk samarbeid med andre sektorar som er relevante for livet til dei unge.

Praksisfellesskapet for ungdomsarbeid bør **samhandle med andre sektorar på ein verknadsfull måte** (både offentlege og private) for å halde fram med å vere

relevant for ungdommar og skape meir anerkjenning, nyskaping og berekraft innanfor ungdomsarbeid. Veksilverknadene mellom ulike sektorar og aktørar er avgjerande for å nå ut til alle unge, gi dei ei stemme og hjelpe dei til handling, i tillegg til å gi dei fleire inngangspunkt til offentlege tenester, slik at ingen fell utanfor.

Det er behov for **strategiske og praktiske tilnærmingar** til samarbeid på tvers av sektorar, og det trengst meir **horisontalt samarbeid** om ungdom (og ungdomsarbeid) på alle nivå.

Forslag til tiltak:

- definere **kven** ein skal etablere samarbeid med i andre sektorar, basert på prioriteringar i spesifikke delar av praksisfellesskapet for ungdomsarbeid, på alle nivå, og **kva mål ein har til felles**, og dessutan føre saman ulike aktørar frå forskjellige sektorar og nivå, slik at ein kan **dra nytte av kvarandre**
- støtte opp om etablering og drift av **tverrfaglege strukturar, nettverk og organ for ungdommar** på lokalt og nasjonalt nivå.

## Anerkjenning

«Preset om å få seg jobb har gjort at me har begynt å tenkje på kompetanse som enkelteigenskapar. Ønska om solidaritet og gjensidig avhengnad gjer at me må anerkjenne at kompetanse i større grad er eit system. Kompetanse blir ikkje utvikla i eit vakuum. Me treng andre menneske.»

Den 3. kongressen har vist at det framleis blir vidd for lite merksemd til marknadsføring og anerkjenning av ungdomsarbeid, og Bonn-prosessen kan gi rom for å skape ei **felles forteljing** ikkje berre for å skape anerkjenning og gyldiggjering av læring gjennom ungdomsarbeid, men også for anerkjenning og gyldiggjering av ungdomsarbeid generelt. Anerkjenning er eit resultat av ein utviklingsprosess, og denne prosessen krev **større investeringar i strategiske og koordinerte tiltak og ressursar som kan føre til at ungdomsarbeid blir forstått betre, synleg og truverdig som ein sjølvstendig arbeidsarena**. Dette krev samarbeid, relasjonar og partnerskap med andre sektorar, men ungdomsarbeid fortener samstundes sin eigen plass på agendaen for europeisk politikk.

Utfordringa med å oppnå ei felles forståing av ungdomsarbeid er delvis knytt til den mangfaldige tolkinga av terminologien for ungdomsarbeid. Ved å utvikle eit **felles språk, eit sett med felles omgrep som støttar opp om ein brei definisjon av ungdomsarbeid med godt fotfeste**, vil ein kunne byggje opp ei betre og breiare forståing av feltet. Dette må **gi nok rom for å tilpasse seg og knyte seg til den lokale konteksten og**

**dei lokale forholda**, men det krev samstundes at det finst nokre generelle berebjelkar som alle sektorar og nivå kan kjenne seg att i.

Forslag til tiltak:

- organisere **faste og gjentakande hendingar**, som målretta kampanjar eller årlege temadagar eller -veker
- utvikle ein tydeleg og tilpassa **kommunikasjonsplan** som knyter saman alle nivåa
- utvikle eit **felles omgrepsett** med eksisterande definisjonar av ungdomsarbeid som ein kan bli einige om og deretter ta i bruk på nasjonalt nivå, og som er brukarvenleg og tilgjengeleg på dei aktuelle språka
- sørgje for **felles innsats for marknadsføring**, kommunikasjon og spreing av innhald om ungdomsarbeid.

For å kome nærare anerkjenning av ungdomsarbeid må ein styrkje forskingsbaserte tilnærmingar og mekanismar, slik at ein **betre kan vise kva innverknad ungdomsarbeid har**, ikkje berre for enkeltmennesket, men også for lokalsamfunnet og storsamfunnet. I arbeid med profesjonelle standardar må me **rette særleg merksemd mot praksisen for frivillig ungdomsarbeid** for å forstå betre korleis det bidrar til feltet. I lys av den europeiske agendaen for ungdomsarbeid og situasjonen for unge i Europa i dag bør det leggjast særleg vekt på ein tydeleg (men ikkje uttømmmande) agenda for forskning på ungdomsarbeid der ein må

- forske på moglegheitene for å **etablere ungdomsarbeid på nasjonalt nivå** i alle europeiske land (inkludert lovgiving for utdanning og opplæring av ungdomsarbeidarar)
- forske på **eksisterande profesjonelle standardar for utdanning og opplæring av ungdomsarbeidarar** (til dømes kompetansemodellar og rammeverk, etiske retningslinjer og læreplanar)
- **formidle forskingsfunn om ungdomsarbeid** i eit format som er brukande for ungdomsarbeidarar og politikarar (og andre)
- forske på **engasjementet for ungdomsarbeid** hos frivillige ungdomsarbeidarar
- leggje til rette for tematiske **oversiktsstudiar** om ungdomsarbeid

Tettare samarbeid om utdanning og opplæring handlar også om **meir enn tanken om å byggje inn ikkje-formell læring i formelle utdanningssystem**. Kanskje er det i større grad snakk om eit samla system som skaper betre samhandling og samarbeid mellom ulike sektorar som arbeider for eit felles mål.

Forslag til tiltak:

- byggje på eksisterande vellykka prosjekt som **viser fram samarbeid mellom høgare utdanning og ikkje-akademiske aktørar**, inkludert ungdomsarbeid
- etablere fleire samhandlingsrom og ei **tankesmie** for utdanning og opplæring av ungdomsarbeidarar

- organisere **aktivitetar der ein lærer av kvarandre** på alle nivå med eit spesifikt føremål som er knytt til utdanning og opplæring
- samarbeide med organisasjonar som har utvikla **verktøy for å støtte opp om anerkjening** av læringsprosessar og -mål (til dømes Open Badges).

Med bakgrunn i tidlegare prosessar er **godkjenning, sertifisering og akkreditering** nokre av områda som framleis har behov for ei **felles tilnærming**. Ein anerkjend profesjon må ha eit **utdanningsløp**. I samband med forslaget om fleire samhandlingsrom er det derfor svært viktig å vurdere kva nettverksbygging (sosial kapital) har å seie, og korleis dette blir brukt i ulike kontekstar. Dette handlar ikkje berre om å halde fram utviklinga og innføringa av strategiar og metodar for anerkjening og godkjenning av ikkje-formell læring i ungdomsarbeid, men også om å utvide tilbod om å **knyte saman utdanning og opplæring** av ungdomsarbeidarar.

Forslag til tiltak:

- **tydeleggjere forskjellen** mellom å anerkjenne betalte ungdomsarbeidarar som profesjon og det å profesjonalisere ungdomsarbeid
- utvikle utfyllande **tiltak for godkjenning av læring i ungdomsarbeid** innanfor formell utdanning, som også kan innebere utvikling av felles læreplanar og standardiserte emne på nasjonalt og europeisk nivå
- utvikle ein felles visjon for **kvalifisering av ungdomsarbeidarar**, slik at ein sikrar kvalitet i sertifiseringsprosessar både innanfor ikkje-formell utdanning og læring og formell utdanning
- etablere eit **europeisk nettverk for ungdomsarbeidarforbund** og støtte liknande prosessar på nasjonalt nivå der dette framleis ikkje finst, og knyte seg til aktuelle temastrategiar som European Training Strategy og Youthpass-strategien
- **byggje vidare på europeiske prosjekt**, til dømes prosjekt frå Strategic National Agencies Cooperation (SNAC) som Europe Goes Local eller innanfor utdanning og opplæring av ungdomsarbeidarar

## Innovasjon og nye utfordringar

«Gjennom mange år tok ein i bruk raske løysingar på problem og utfordringar i sektoren for ungdomsarbeid, men under krisa blei det tydeleg at desse løysingane ikkje fungerte og ikkje var tilstrekkelege.»

På grunn av dei omfattande konsekvensane av pandemien **har mange ungdoms(mobilitets)prosjekt blitt avbrotne**. Ei rekkje organisasjonar for ungdomsarbeid og ungdomssenter er stengde, men samstundes er det **større behov for ungdomsarbeid enn nokon gong** for å hjelpe ungdommar som er utsette for konsekvensane av pandemien. Dei sosiale og juridiske konsekvensane av covid-19 kjem i tillegg til dei helsemessige, og



dette viser kor viktig det er å kommunisere tiltak godt til ungdommar og inkludere dei i planlegging og gjennomføring av tiltaka der det er mogleg.

Ungdomsarbeid bør utviklast slik at det kan vere eit **sikringsnett** for alle ungdommar i usikre tider. **Informasjon om psykisk helse** blir rekna som ein viktig del av ungdomsarbeid. Ungdomsarbeidarar bør setjast i stand til å gjennomføre prosjekt som **fremjar og held oppe psykisk helse for ungdommar**, særleg dei som står overfor tverrgåande og andre typar sårbarheiter.

Dei som skaper politikk for ungdom, bør føre ein konstruktiv dialog med ungdommar og ungdomsarbeidarar for å skape **meir stabile strukturar** som er baserte på **forskningsbaserte innovasjonsprinsipp**, og som omfattar **langsiktig tenking, refleksjon og strategibasert ungdomsarbeid** (i staden for det prosjektbaserte). Alle tiltak i den europeiske agendaen for ungdomsarbeid skal følgje desse prinsippa, samstundes som ein må vere medviten om at dagens ungdomsarbeid skjer i eit globalt samfunn.

Derfor bør ein leggje til rette for innovasjonskultur og -praksis i ungdomsarbeidet ved

- å forbetre **smart ungdomsarbeid** samstundes som ein legg større vekt på **utvikling av den digitale kompetansen** til ungdommar og ungdomsarbeidarar og **investerer i teknologisk infrastruktur og nyskapingar** som gjer at ein minskar **den digitale kløfta** og sikrar **tilgang** til ungdomsarbeid for alle ungdommar
- å gjere **ungdomsarbeid meir miljøvenleg**. Oppmode om og prioritere arbeid og løysingar som er miljøvenlege, i tråd med prinsippa for berekraftig utvikling, som ein ønskjer skal prege ungdomsarbeid, og som ungdommar forventar

Det er avgjerande med større kapasitet i ungdomsarbeidet for å handtere endringar i Europa og verda, og det oppnår ein ved

- å anerkjenne at sjølv om digitalt ungdomsarbeid er viktig, **dekkjer det ikkje alle behova til ungdommar**, og derfor bør retningslinjer for ungdomsarbeid aktivt støtte opp om utvikling av **alle typar, modellar og framgangsmåtar** for ungdomsarbeid, slik at ein dekkjer behova i det samfunnet ein lever i, og den europeiske agendaen for ungdomsarbeid bør halde fram arbeidet med å styrkje ungdomsarbeidet i usikre tider ved å **halde verdiane i arbeidet høgt**
- å drive fram **samfunnsutfordringar og globale utfordringar** som ei viktig side ved ungdomsarbeid
- å drive påverknadsarbeid for at ungdomsarbeid skal bli ein av dei viktigaste metodane for sivilsamfunnsutvikling i Europa og på verdsbasis
- å utvikle praksis og strategiar som gjer at ungdomsarbeid set ungdommar i stand til å **engasjere seg i eit demokratisk samfunn og**

- skape endring** innanfor emne dei allereie meiner mykje om og er interesserte i (til dømes klima, rasediskriminering og reproduktiv helse)
- å **skape rom**, både på og utanfor nettet, **der ein kan samarbeide og utveksle erfaringar** på mellomregionalt og globalt nivå for å leggje til rette for at praksisfellesskapet for ungdomsarbeid kan få eit større perspektiv enn det europeiske

## Rammeverk for politikk

Livet til ungdom blir påverka av ei rekkje typar politikk på alle nivå – både lokalt, regionalt, nasjonalt og europeisk. Samstundes ser me at det ofte ikkje blir vurdert korleis avgjerder på andre politikkområde vil påverke ungdommar. Ungdomssektoren har lenge etterlyst ei horisontal tilnærming til ungdomspolitik, og det same gjeld behandlinga av ungdomsarbeid på ulike politikkområde. Ungdomsarbeid bør vere ein viktig del av ungdomspolitikken. Behov og middel bør systematisk innarbeidast i ungdomspolitikken både vertikalt og horisontalt.

Denne politikken må innførast på alle nivå og bør vere skapt i samarbeid med praksisfellesskapet for ungdomsarbeid, inkludert ungdommar. Målgruppa bør ha rett til å delta og bli anerkjend som den viktigaste interessenten. Deltaking frå ungdommane sjølve er avgjerande i alle desse prosessane og strukturane. Dette bidrar også til å minske avstanden mellom politikarar, yrkesutøvarar og dei faktiske behova til dei unge. Bruk av forskning i politikktviklinga vil gi ei meir nyansert og faktabasert tilnærming til desse behova.

Me lever i ei stadig meir globalisert verd, og politikken kan og bør altså vere i dialog med det som skjer utanfor Europa. Dessutan må ein etablere berekraftige finansieringsmekanismar for desse føremåla, slik at ein sikrar at politikken kan bli sett ut i livet.

Forslag til tiltak:

- **styrkje samarbeidet** på europeisk nivå **mellom Europakommisjonen og Europarådet**, med mål om større horisontal spreining av ungdomspolitik (inkludert ungdomsarbeid) til andre politikkområde
- halde fram med å inkludere ungdomsarbeid i både langsiktige **ungdomsspesifikke strategiar** og meir kortvarige tiltak (som årlege arbeidsprogram og toårlege prioriteringar for ungdomssektoren) i begge institusjonane
- **etablere, halde ved like og vidareutvikle arbeidsmetodar** der ungdommar deltar som likeverdige bidragsytarar til politikk som vedkjem dei, og normalisere ungdomsdeltaking på fleire politikkområde

- sørgje for at det finst **ungdomslover, lover om ungdomsarbeid og strategiar for ungdomsarbeid** i heile Europa, og fremje det på lokalt, regionalt, nasjonalt og europeisk nivå, med støtte frå EU og Europarådet
- arbeide for at dei europeiske ungdomsprogramma bidrar til utvikling av politikk for ungdomsarbeid i alle medlemslanda ved å **støtte politiske prosessar som blir drivne fram av organisasjonar**
- etablere **systematisk kontroll av regelverk for ungdomsarbeid** ved å innføre ein felles europeisk kvalitetsstandard som inneheld eit sett med indikatorar som fremjar ungdomsarbeid på alle nivå
- bidra til at ungdomspolitikkk fremjar kontakt med andre og utveksling av gode erfaringar over heile verda, og byggje inn europeisk politikk for ungdom/ungdomsarbeid i internasjonale juridiske rammeverk
- å lære avgjerdstakarar korleis dei kan **involvere ungdommar og ungdomsarbeidarar i arbeidet med å skape, gjennomføre og revidere politikk**, slik at ein skaper større forståing for behova til ungdommar

Myndighetene som har ansvar for ungdomspolitikkk og/eller ungdomsarbeid, kan også bidra med påverknad i andre organ for å få oppretta ein meir tverrgående ungdomspolitikkk.

## Eit strategisk rammeverk for utvikling av ungdomsarbeid

At den europeiske agendaen for ungdomsarbeid har fått vind i segla, skuldast at både EU og Europarådet har satsa på ungdomsarbeid dei seinare åra.

Eit tidleg budskap på kongressen var at praksisfellesskapet for ungdomsarbeid ikkje lenger skulle spørje kva dei europeiske institusjonane kunne gjere for ungdomsarbeidet, men kva praksisfellesskapet for ungdomsarbeid kunne gjere for seg sjølv.

Likevel er ein avhengig av at institusjonane bidrar, men kanskje i mindre grad som den overordna drivkrafta bak den europeiske agendaen for ungdomsarbeid og meir som eit anker. Ungdomseininga i Europakommisjonen<sup>11</sup> og ungdomsavdelinga i Europarådet utgjer trass alt vesentlege delar av det europeiske praksisfellesskapet for ungdomsarbeid. Deltakarane på kongressen uttrykte at det beste for Bonn-prosessen er om institusjonane oppnår endå **betre samsvar** mellom visjonane for ungdomsarbeid i ungdomsstrategiane.

---

<sup>11</sup> No formelt Kontoret for ungdom, frivillig innsats, solidaritet og praktikantordningar i Generaldirektoratet for utdanning, ungdom, idrett og kultur i Europakommisjonen.

Det var brei einigheit om at både Europakommisjonen og Europarådet bør opprette ein **intensjonsavtale** eller eit **memorandum** der dei stadfestar arten og omfanget av støtte til praksisfellesskapet for ungdomsarbeid og at dei ønskjer å **knyte Bonn-prosessen saman med større utdannings- og opplæringsinitiativ for heile Europa**, som Bologna-prosessen for høgare utdanning. Det blei også etterlyst meir fullstendig og rettferdig representasjon frå alle hjørne av det europeiske praksisfellesskapet for ungdomsarbeid fordi det er behov for meir mangfald i involveringskanalane dersom alle stemmer skal bli høyrde. Kongressen var meir usikker på kvar det institusjonelle samsvaret skal oppstå, og det blei **referert til partnerskap for nettverksbygging og samarbeid**. Samstundes anerkjende deltakarane at partnerskapet mellom EU og Europarådet innanfor ungdomsarbeid allereie har ei viktig koordineringsrolle for mange av aktivitetane for ungdomsarbeid i Europa.

Innanfor dette institusjonelle rammeverket, og som ein del av det strategiske føremålet med den europeiske agendaen for ungdomsarbeid som begge partar har uttrykt støtte til, var det ønske om å opprette ei arbeidsgruppe som skal vurdere samarbeid, kontakt og utvikling i Bonn-prosessen, inkludert overvaking av framdrifta for milepålane i prosessen og det bidraget kvar av dei to institusjonane gir gjennom ungdomsstrategiane.

Dersom «tid for handling» skal bli meir enn fine ord, spelar dei europeiske institusjonane ei viktig rolle for å få sett i gang påverknadsarbeid, rådgiving, støtte og inspirasjonsarbeid til utvikling av ungdomsarbeid i medlemslanda.

Andre forslag til tiltak:

- skape tydeleg **samsvar i visjonen for ungdomsarbeid** mellom dei to europeiske institusjonane og kome med ei offentleg kunngjering om felles innsats
- støtte ei **felles arbeidsgruppe** som skal følgje gjennomføringa av Bonn-prosessen
- **knyte Bonn-prosessen saman** med andre strategiske sosiale initiativ og utdanningsprosjekt i dei europeiske institusjonane
- etablere **nasjonale arbeidsgrupper** som har ansvar for å samhandle med og delta i leiinga av praksisfellesskapet
- fremje **anerkjening** av ikkje-formell utdanning og læring i og gjennom ungdomsarbeid
- oppmode til **forsking** på ungdomsarbeid, slik at ein kan leggje til rette for forskingsbasert praksis
- tilby **rammeverk** for utvikling av nasjonal støtte til tilbod om lokalt ungdomsarbeid
- **støtte opp om utvekslings- og mobilitetsmoglegheiter** for ungdomsarbeidarar

- førebu **læreplanutvikling** for utdanning og opplæring av ungdomsarbeidarar
- støtte **innovasjonssenter** for progressivt og nyskapande ungdomsarbeid
- sikre **fullt ut inkluderande plattformer** for dialog om og utvikling av ungdomsarbeid

Den 3. europeiske kongressen om ungdomsarbeid ber dei europeiske institusjonane som er ansvarlege for ungdomsarbeid, om å etablere ein solid strategi for kommunikasjon og nettverksbygging, for slik å vise støtte til og deltaking i Bonn-prosessen.

## Konklusjonar/sluttord

Me ønskjer å takke det tyske familie-, eldre-, kvinne- og ungdomsministeriet og alle andre som har vore med på å gjere den 3. europeiske kongressen om ungdomsarbeid mogleg. I tillegg vil me takke EU og Europarådet for at dei har støtta kongressen og lagt til rette for han politisk sett.

Kongressen har, gjennom tøffe diskusjonar og debattar mellom deltakarane, skapt idear og forslag til aktivitetar og tiltak som er relevante for, og som dekkjer, alle aspekt ved det mangfaldige feltet som ungdomsarbeid er. Alle desse forslaga er viktige. Dei utfyller og støttar kvarandre og formar saman ei omfattande og holistisk tilnærming til den framtidige styrkinga og utviklinga av ungdomsarbeid. Derfor er det viktig å lese og sjå dei som ein heilskap.

Den overordna konklusjonen er likevel at viss me skal kome oss vidare, må me styrkje banda i og mellom alle nivå i praksisfellesskapet. Me må fjerne avstandane og meir enn nokon gong engasjere oss i å dele synspunkt, skape ting saman, samarbeide om tiltak og både lære og avlære for å kunne tilpasse oss det nye og det uventa.

Denne erklæringa gir meir innhald til den europeiske agendaen for ungdomsarbeid. Bonn-prosessen er vår felles innsats for å realisere denne agendaen. Så la oss få det til å skje. Det er rett og slett det ungdommen i Europa **krev og fortener**.